

Eit bibelspråk blir til

Utdrag frå Ottar Grepstad: *Eit språk blir til*, allkunne.no

Sist oppdatert 29.1.2016

I 1698 omset jærbuen Jacob Rasch første kapittel i *Romarbrevet* til dansk og jærdialekt. Skriftet blir først prenta i *Syn og Segn* i 1950.

9.5.1735 rår biskop Jacob Kærup i Kristiansand til at Søren Schive får prestekallet i Bjelland då han "med det gamle norske Tungemaal's Tale-Maade" kan "tale og prædike for Field-Bønderne, hvilket en anden eij saa vel til Opbyggelse skulle kunde formaa".

23.1.1739 fastset Kongen ei skuleforordning for Danmark-Noreg som inneber at alle born skal lære å lese trykt tekst og få religionsundervisning. 29.4.1740 blir forordninga oppheva fordi det manglar pengar til å gjennomføre ordninga. I staden blir det opp til godseigarane (i Noreg bøndene) kva slags skulesystem dei vil etablere for sine område. Undervisningsplikt for alle barn blir ikkje innført att før Noreg går ut av danskeunionen i 1814. Utbreiinga av skrifter generelt og utviklinga av former for undervisning gjer likevel at i andre halvdel av 1700-talet er lesekunna utbreidd i allmugen.

I 1753 omset presten Peter Lorents Hersleb frå Stod i Trøndelag *Fyrste Mosebok* til trønderdialekt.

I 1764 blir Hans Strøm prest i Volda, og med det tek ein lærdomstradisjon som blir ein nødvendig føresetnad for Ivar Aasen, form på Sunnmøre. Strøm gjer teneste her i 15 år og legg det grunnlaget for folkeopplysning som ein av elevane hans fører vidare: Sivert Aarflot.

I 1784 blir eit manuskript frå 1774 med *Prøve paa hvorvidt det gamle Norske Sprog endnu er til udi det Hardfangerske Bonde-Maal* av presten Marcus Schnabel trykt, fire år etter at forfatternen døydde. Schnabel er den første som ser samanhengen mellom norrønt og norske dialektar.

I *Kjøbenhavnske lærde Efterretninger* kommenterer presten Jacob Nicolai Wilse i 1795 det første bandet av *Dansk Ordbog* som var kome ut to år før. Han undrar seg over at "man saa over al Maade lidet havde der taget den Norske Mundart og de mange Norske Provincial-Ord i Betragtning" at han meiner det bør lagast eit "Provincial-Glossarium" med slike norske ord.

1.3.1800 prentar Trondhiems Budstik dei ti bodorda omsette til namdalsdialekt av Hans Barlien.

13.4.1816 prentar Rigstidende ein subskripsjonsinvitasjon for det nye tidsskriftet *Saga*, redigert av presten Johan Storm Munch og jernverkseigaren Jacob Aall, og utgitt av juristen Jens Chr. Bang. Tidsskriftet vil blant anna prente "Sproggranskninger, sigtende til at udluge det fremmede Ukrud, som har qvalt Nordens herlige Tungemaal". Gjennom ulike bidrag prøver tidsskriftet å tilføre levande norrøne ord frå daglegtalet til skriftspråket, framheve denne språktradisjonen og prove samanhengar mellom norske dialektar og det norrøne

språket, og med dette fornorske det danske skriftspråket. Dette utløyer den første store språkdebatten. Særleg vekkjer enkelte svenske ord sterke reaksjonar.

2.8.1841 møter Ivar Aasen biskop Jacob Neumann i Bergen og orienterer han m.a. om studiane sine i sunnmørsmålet. Samtalane fører til at Neumann skriv om Aasen i Bergens Stiftstidende, og frå Neumann får formann Frederik Moltke Bugge i Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab i Trondheim vite om Aasen og planane hans. Det fører til at Ivar Aasen frå 1842 får stipend frå vitskapselskapet for å skrive ned norske talemål. I neste omgang blir dette grunnlaget for skriftspråket nynorsk.

26.3.1853 skriv sokneprest Otto Theodor Krogh på Vestnes i Romsdal i eit innlegg i Morgenbladet at han har fått kyrkjesongar og lærar Ivar Brovold i Tresfjord til å omsetje to evangelietekstar til "ægte Tresfjordsk", ein romsdalsdialekt.

16.4.1853 prentar Den norske Tilskuer "Påskesalme" av Aasmund Olavsson Vinje. Dette er den første originalsalmen på landsmål, her i telemarksmål.

I desember 1855 prentar *Folkevennen* Luther-salmen "Vaar Gud han er vaar faste Borg" omsett av Ivar Aasen, i artikkelen "Mere om Salme-Sagen" av Ole Vig. Dette er den første salmen omsett til landsmål. Elias Blix omset same salmen i *Nokre Salmar* i 1869 under tittelen "Vaar Gud han er so fast ei Borg".

9.1.1868. prentar *Den norske Folkeskole* juleevangeliet på landsmål, omsett av seinare biskop Anton Chr. Bang. Dette er den første bibelomsetjinga til landsmål som blei prenta.

23.3.1869 kjem første utgåva av *Nokre Salmar, gamle og nye* av Elias Blix ut på Det Norske Samlaget i Kristiania. Heftet inneheld 13 salmar. 4. utgåva kjem ut i 1891, no med 150 salmar.

I 1870 gir Vestmannalaget gir ut *Evangeliet etter Markus*, omsett av Georg Grieg. Dette er den første større bibelomsetjinga til landsmål.

7.1.1872 held Kristofer Janson den første preika på landsmål i ei kyrkje, i Fåberg kyrkje i Gudbrandsdalen.

14.12.1875 publiserer *Bud for Menigmand* omsetjingar av "Deilig er jorden" og "Alltid freidig" til landsmål av Klaus Høyem.

I 1875 publiserer Elias Blix "No livnar det i lundar" og "Med Jesus vil eg fara" i 2. utgåva av *Nokre Salmar*.

15.5.1878 står "Norsk Fedralandssong" (Gud signe Noregs land) av Arne Garborg på prent i Fedraheimen.

17.6.1881 vedtek Stortinget med 89 mot 20 røyster å løyve 1000 kroner til Det Norske Samlaget for prøveomsetjing til landsmål av ein del av *Det nye testamentet*. Samlaget bed Elias Blix om å omsetje Romarbrevet. Blix svarar ja under føresetnad av at Ivar Aasen hjelper til

26.10.1882 får Ivar Aasen det trykte eksemplaret av Romarbrevet frå *Bibelen*, omsett av Elias Blix.

I 1883 får var Mortensson Egnund nei til å bruke landsmål ved teologisk embetseksamen, men nyttar det ved munnleg eksamen før jul.

26.12.1884 syng kyrkjelyden i Høydalsmo annekskyrkje i Telemark utan løyve og under leiing av prost Sønke Sønnichsen Blix-salmen "No koma Guds englar i helsing med sky" og ein annan salme av Elias Blix, som då er kyrkje- og undervisningsminister. Dette er første gongen ein Blix-salme blir sunge i ei kyrkje.

1.1.1885 syng også kyrkjelyden i Lårdal kyrkje i Telemark Blix-salmar utan løyve (sjå 1884).

24.1.1885 skriv prost Sønke Sønnichsen i Lårdal, Telemark, til Kirkedepartementet og bed om å få bruke salmane av Elias Blix i kyrkja. Salmediktaren er no kyrkjeminister og difor in habil.

7.6.1885 går samtalelaget Fram i Brunkeberg i Telemark i gang med å omsetje Fadervår, inngangs- og utgangsbøn til landsmål. Det er uvisst kva som kjem ut av dette.

3.4.1886 vedtek Stortinget med 87 mot 19 røyster å løyve 1800 kr til vidare arbeid med å omsetje skrifter frå *Det nye testamentet* til landsmål.

12.12.1888 er Elias Blix, Johannes Belsheim og Matias Skard ferdige med omsetjinga av *Det nye Testamente* til landsmål.

25.5.1889 kjem prøvenummeret av det kristeleg bladet *Stille Stunder* med Johannes A. Barstad som redaktør. Frå og med første ordinære nummer 13.7.1889 har bladet kome ut utan avbrot. Svært mange salmar blir første gongen prenta i bladet, som ein forløpar til *Nynorsk Salmebok*. Bladet kjem no ut på Voss.

12.10.1889 skriv *Den 17de Mai* at no er heile *Det nye Testamente* på landsmål trykt, i utgåver av enkeltdejar. Elias Blix, Johannes Belsheim og Matias Skard har stått for omsetjinga, med hjelp frå Ivar Aasen. Då omsetjinga er ferdig, skal Ivar Aasen ha sagt til Elias Blix: "Hadde me fenge ei slik umsetjing paa reformasjonstidi, so hadde mangt vore annleis i Norig no, og serleg vilde det set annleis ut ved mang ei daudsseng."

12.2.1890 får Ivar Aasen i hende den samla utgåva av *Det nye Testamente* på landsmål.

13.11.1890 prentar Nordmannen "Fedrelandet" (Gud signe vårt dyre fedreland) av Elias Blix.

18.12.1890 prentar Nordmannen "Upp, fegnast alle, fegnast no", ein salme av Thomas Kingo frå 1689 som er omsett av Elias Blix. Året etter endrar Blix førstelinja til "Upp, gledjest alle, gledjest no". Det er denne varianten Odd Nordstoga bruker på plata *Strålende jul* i 2009.

4.3.1892 autoriserer statsråd Wilhelm Andreas Wexelsen Elias Blix' *Nokre Salmar* til bruk i kyrkja "hvor Beslutning om saadan Benyttelse bliver fattet af Menighedens Husfædre".

22.5. og 19.6.1892 innfører Skage og Ranum kyrkjelydar i Overhalla i Namdalen Blix-salmane. Dette er dei to første kyrkjelydane som gjer det. Statsråd Wexelsen har då permisjon frå embetet som sokneprest i Overhalla.

14.6.1893 prentar Firda "Aa liva" (Å leva det er å elska) av Anders Vassbotn.

28.7.1893 sender Kyrkje- og undervisningsdepartementet ut rundskriv om at desse bøkene skal vere mønster for rettskrivinga på landsmål: *Nokre salmar* av Elias Blix, *Lesebok i det norske folkemaal for høgre skular* av Arne Garborg og Ivar Mortensson Egnund, *Norsk Maallæra* av Marius Hægstad, landsmålsutgåva av Nordahl Rolfsens leseverk og *Norsk Grammatik* av Ivar Aasen.

I 1893 gir Olaf Huseby i Kristiania ut *Nokre Salmar* av Elias Blix som tillegg til Landstads salmebok. Fem år etter har han alt prenta 204 000 eksemplar.

9.12.1897 vedtek Det norske Bibelselskap å be om å få overta ansvaret for Samlagets landsmålsomsetjingar frå *Bibelen*. Samlaget går med på dette under den føresetnaden at testamente alltid skal lagerførast på landsmål.

I 1899 gir Olaf Huseby ut heftet *Salmar og tekster til kyrkjebruk den 17de mai* med omsetjingar av Elias Blix og med den nye 17. mai-salmen hans, "I Norigs Vetter rann ein Vaar". Seinare får heftet eit tillegg for olsokfeiringa, og blir då utgitt av Noregs Ungdomslag.

17.5.1899 blir det for første gong halde heile gudstenester på landsmål, i dei tre Telemarks-kyrkjene Lårdal, Seljord og Vinje, av prestane Jakob Kornbrekke, Kristian Olsen Nordlid og Bernt Theodor Anker.

12.11.1899 held Ivar Mortensson-Egnund preike i unitarkyrkja Broderskabets Kirke i Kristiania. Dette er den første preika på landsmål i hovudstaden.

I 1899 gir Det norske Bibelselskap ut ei revidert utgåve av *Det nye testamente*, gjennomsett av Elias Blix.

21.4.1900 får Kirkedepartementet Peter Hognestads omsetjing til landsmål av *Tekstbok og altarbok for Den norske Kyrkja*. Det var Olaf Huseby som året før hadde oppmoda han om å gjere dette.

3.5.1900 blir Prestemaallaget skipa med Bernt Støylen som første formannen. Om lag 50 prestar og teologar blir med.

31.3.1901 held Peter Hognestad preike på landsmål i Johanneskirken i Kristiania. Dette er den første preika på landsmål i Den norske kyrkja i hovudstaden, til sterke protestar frå fleire aviser.

31.3.1903 blir Peter Hognestad utnemnd til stiftskapellan i Kristiania. Sjølv om Kirkedepartementet til tider strittar imot, held Hognestad alle sine preiker på landsmål. Den første preika i embetet held han i Garnisonskyrkja 18.10.

4.12.1904 prentar *Norsk Barneblad* "Kveldsong" (Fager kveldsol smiler), omsett frå tysk av Peter Hognestad.

7.12.1905 blir det i alle kyrkjer halde takkefest for unionsoppløysinga. Kirkedepartementet har bestemt at fedrelandssalmen "Gud signe vårt dyre fedreland" skal vere ein av salmane.

22.6.1906 blir fedrelandssalmen "Gud signe vårt dyre fedreland" av Elias Blix sunge under kroninga av kong Haakon 7 i Nidarosdomen i Trondheim.

I september 1906 kjem *Songbok for sundagsskule og oppbyggjingsmøte* redigert av Bernt Støylen, med m.a. førsteutgåva av hans eige bordvers "Gud signe maten". Boka kjem ut på Norsk søndagsskoleforbunds forlag og inneheld 261 songar og salmar.

I 1906 vedtek fire sokn i Bygland vedtek å ta i bruk Peter Hognestads liturgi før dette er lovleg. Presten i Bygland heiter Ivar Aartun.

Vinteren 1907 skriv Anders Hovden "Fagert er landet", som kjem på prent i *Solhøv* same året.

23.4.1907 vedtek Odelstinget samrøystes eit tillegg til lov om stiftskapellanar at ein av stiftskapellanane i Oslo "fortrinnsvis anvendes til at forkynde Guds ord paa det norske landsmaal" og at han også kan gjere teneste utanfor stiftet. 13.5.1907 sluttar Lagtinget seg samrøystes til. Seinare blir ordninga utvida.

15.9.1907 blir det i Slottskapellet for første gong halde nynorsk gudsteneste. Kong Haakon har vist stor velvilje, og er sjølv til stades.

28.10.1907 godkjenner statsråd Abraham Berge ved kongeleg resolusjon Hognestads *Tekstbok og altarbok for Den norske Kyrkja*, men boka skal berre brukast "hvor presten (presterne) til enhver tid ser sig i stand til at præke paa landsmaal". Boka kjem ut i mars 1908 på Salmebokforlaget. Då har Bygland i Setesdal alt brukt bøkene eitt år.

I 1907 gir Lunde & Co i Bergen ut den første boka si på landsmål, preikesamlinga *Ordet um krossen*.

29.3.1908 blir den nynorske altarboka for første gong brukt, ved gudstenesta i Slottskapellet.

29.7.1914 held biskop Bernt A. Støylen den første bispepreika på landsmål, i Kristiansand domkyrkje.

17.12.1915 tek Kirkedepartementet bort det atterhaldet om bruken av liturgi på landsmål som var blitt innført i 1907.

30.3.1916 har Bernt A. Støylen ferdig utkast til ny altarbok, på oppdrag frå Kirkedepartementet.

I 1916 blir det klart at Det Norske Bibelselskap ikkje ønskjer å stå for ei landsmålsutgåve av heile *Bibelen*, og Studentmållaget i Oslo set ned ei bibelnemnd for å gjere arbeidet sjølv. Peter

Hognestad er hovudredaktør, Gustav Indrebø er ansvarleg for språkføringa, og Alexander Seippel omset to tredelar av verket

6.5.1917 skriv Bernt Støylen bryllaupssalmen "Allmakts Gud og kjærleiks Fader".

8.10.1920 godkjenner Kirkedepartementet ein ny liturgi for kyrkja, utforma av Bernt A. Støylen.

8.10.1920 godkjenner Kirkedepartementet den reviderte utgåva av Landstads salmebok frå 1869. Boka inneheld no 709 salmar på riksmål og 155 på landsmål. Utvalet vekker sterke reaksjonar, og ein komité med skiftande leiarar arbeider med saka i fleire år.

10.2.1921 skriv Peter Hognestad, Anders Hovden og Bernt A. Støylen avtale med Det Norske Samlaget om å lage *Nynorsk Salmebok*.

24.4.1921 held Marta Steinsvik preike ved ein *aftensang* i Grønland kyrkje i Kristiania. Aldri før hadde ei kvinne stått på nokon preikestol her i landet og forretta under sjølv gudstenesta.

10.7.1921 bruker biskop Peter Hognestad *Bibelen* på landsmål ved festgudsteneste for 25-årsjubileet til Noregs Ungdomslag i Nidarosdomen. Det er første gongen den nye³ utgåva blir nytta. Denne såkalla *Fyrebilsbibelen* er utgitt av Bibelnemnda åt Studentmållaget i Oslo med ein kostnad på 200 000 kroner. Før året er omme, er 11 626 eksemplar selde, og heile førsteopplaget på 50 000 eksemplar er utselt etter ni år. I det 20. hundreåret blir det selt 1,4 millionar eksemplar av *Bibelen* og *Det nye testamentet* på nynorsk. Av nynorsk-bøker er berre *Nynorsk ordføliste* kjøpt av fleire (sjå 1938).

15.7.1921 er *Bibelen* på landsmål i vanleg sal. Opplaget er på 50 000 eksemplar, fordelt på 40 000 i ei folkeutgåve og 10 000 i ein finare utgåve trykt på indiapapir.

I 1923 toneset Per Steenberg diktet "Å leva det er å elska" av Anders Vassbotn frå 1893 i ein konkurranse. Tonen blir prenta i *Koralbok for den norske kirke* i 1926.

15.2.1924 godkjenner Kirkedepartementet *Landstads reviderte salmebok* for bruk. Boka inneheld no 686 salmar på riksmål og 200 på landsmål. Førsteutgåva var blitt godkjend 1869.

1.9.1924 går det ut skriv frå statsråd Ivar Tveiten til dei tilsette i Kirkedepartementet om at dei som skriv på landsmål til departementet, også skal få svar på landsmål. Fleire departement følgjer etter.

3.2.1925 er utkastet til *Nynorsk Salmebok* ferdig med 711 salmar. Peter Hognestad, Anders Hovden og Bernt Støylen har arbeidd med boka sidan 1921 etter initiativ frå styret i Det Norske Samlaget. Boka er ferdig trykt i juni.

20.10.1925 vedtek Norges Presteforening at *Nynorsk Salmebok* berre bør godkjennast som tillegg til ei anna salmebok.

15.11.1925 innfører kyrkjelyden ved Nesland kyrkje, Vinje i Telemark som den første *Nynorsk Salmebok*, ein månad før slik bruk er godkjend.

18.12.1925 fastset statsråd Ivar Tveiten i Kirkedepartementet at *Nynorsk Salmebok* er godkjend til bruk i kyrkjene.

1.10.1926 fastset regjeringa i kongeleg resolusjon at *Nynorsk Salmebok* skal få eit tillegg på 200 bokmålssalmar frå Landstads salmebok etter sterke reaksjonar på godkjenninga året før frå landsmøtet i presteforeininga. Samstundes fastset regjeringa at Blix-salmane kan brukast i kyrkjene over heile landet.

25.4.1927 godkjenner Kirkedepartementet det endelege utvalet av bokmålssalmar i den reviderte utgåva av *Nynorsk Salmebok*.

15.4.1930 er eit nytt opplag av *Bibelen* på landsmål i ordinært sal. Det første opplaget var på 50 000 eksemplar, og det nye opplaget er like stort. Bibelen på landsmål kan no kjøpast i seks ulike utføringar og kostar frå kr 8,50 til kr 20,00.

9.3.1931 kl.11.15 held biskop Bernt Støylen den første andakta på nynorsk i radio, frå Oslo kringkaster.

I 1931 prentar *Jul i Sunnfjord "Julekveld"* (Det lyser i stille grenser) av Jakob Sande. Lars Søraas lagar tonen i 1948.

31.12.1935 melder Norsk Tidend at Bibelen på landsmål på ny er i ferd med å bli utseld. Dermed er nær 100 000 eksemplar selde sidan Bibelen blei utgitt i 1921. Eit tredje opplag blir planlagt for utgiving i 1936, men i staden kjem ei revidert utgåve i 1938.

18.8.1938 melder Norsk Tidend at den nye utgåva av Bibelen på nynorsk er ferdig trykt i eit samla opplag på 30 000 eksemplar. Biskop Ragnvald Indrebø har sidan hausten 1935 arbeidd med den språklege revisjonen av utgåva frå 1921, og den nye utgåva blir gjerne kalla *Indrebøbibelen*. Publikum kan velje mellom seks versjonar, tre på vanleg papir og tre på indiapapir.

I 1975 gir Det Norske Bibelselskaps Forlag ut ei ny omsetjing til nynorsk av *Det nye testamentet*, under leing av Olav Farestveit og med Jarle Bondevik som språkkonsulent.

I 1978 ligg heile *Bibelen* føre i ny omsetjing til nynorsk frå Det Norske Bibelselskap. Olav Farestveit har hatt hovudansvaret for Det nye testamentet, Ole Øverland Gjerde for Det gamle.

29.6.1984 godkjenner regjeringa i kongeleg resolusjon *Norsk Salmebok* til bruk i dei kyrkjelydane som gjer vedtak om det. Verbum Forlag gir ut boka i 1985.

9.5.1985 tek presidentskapen i Stortinget imot utsendingar frå Noregs Mållag i høve hundreårsjubileet for jamstillingsvedtaket (sjå 1885). Noregs Mållag overrekkjer Stortinget Ole Nesviks målarstykke av Elias Blix. I talen ved mottakinga seier stortingspresident Per

Hysing-Dahl (H) m.a. om målrørsla at "den folkeopplysende innsats som her er ydet, har gjort livet rikere og åpnere for svært mange nordmenn". Aftenposten reagerer skarpt på utsegnene.

21.9.1987 presenterer Det Norske Bibelselskap i Hornindal den første barnebibelen på nynorsk. *Bibelen for store og små* kjem ut på begge målformene.

15.11.1996 godkjenner Kyrkjerådet *Salmer 1997* som liturgisk forsøk til bruk i dei kyrkjelydane som gjer vedtak om det. Boka blir brukt som tillegg til *Norsk Salmebok*.

17.12.2009 vedtek Gildeskål kommunestyre å førebu feiring av 175-årsjubileet for Elias Blix i 2011. Petter Kjærnes blir engasjert som prosjektleiar.

13.4.2010 presenterer Bjørgvin bispedømme *Konfirmant 2011*. Dette heftet på 16 sider blir sendt til alle konfirmantane, og i år ligg heftet føre på både nynorsk og bokmål. Publikasjonen er laga i samarbeid mellom bispedømeråda, Kirkens Nødhjelp og Kyrkjerådet.

24.9.2010 opplyser Det Norske Misjonsselskap at den private norske skulen i Kamerun er blitt nynorskskule. Alle dei ni norske elevane nyttar nynorsk som målform dette året. Denne private grunnskulen blei skipa i 1958 og har heilt til no vore bokmålsskule. Det har også heile tida vore vedtektsfesta at dette skal vere ein skule på bokmål.

8.12.2010 godkjenner styret i Det norske Bibelselskap dei nye omsetjingane av *Bibelen* til nynorsk og bokmål. Meir enn 30 forskarar og forfattarar har vore med.

24.2.2011 markerer Gildeskål kommune i samarbeid med dei andre kommunane i Salten 175-årsjubileet for Elias Blix og tek til orde for å etablere eit Elias Blix-senter i Gildeskål.

19.10.2011 presenterer Det norske Bibelselskap dei nye utgåvene av *Bibelen* i Oslo domkirke. Førsteopplaget er på 100 000 eksemplar i alt.

26.10.2011 blir den nynorske *Bibelen* feira i Ivar Aasen-tunet og i Volda kyrkje gjennom eit samarbeid mellom Møre bispedømme, Bibelselskapet og Nynorsk kultursentrum. Biskop Ingeborg Midttømme overrekkjer til Ivar Aasen-tunet eit eksemplar av *Bibelen* signert av alle dei tolv biskopane.

30.8.2013 blir den katolske messa for første gong lesen på nynorsk i St. Olavs kirke i Oslo. Tekstane er henta frå den første nynorske utgåva av messeboka *Missale parvum*. Messeboka er omsett av pater Arnfinn Haram, Haldor Slettebø, Helge Gudheim og Ola Breivega. Omsetjinga skal i neste omgang godkjennast av Paven.

1.12.2013 blir *Norsk salmebok* teken i bruk. Av 942 norske salmar er 367 eller 39 prosent på nynorsk.

16.2.2015 gir Hermon Forlag ut *Det nye testamentet med Salmane* i ny omsetjing til nynorsk av Norvald Yri, tidlegare misjonær i Norsk Luthersk Misjonssamband.

(Historia held fram, kvart år)

